

## Til kommunestyret i Masfjorden kommune

### **UAVHENGIG REVISOR SIN ATTESTASJONSUTTALE OM MASFJORDEN KOMMUNE SITT REGLEMENT FOR FINANS- OG GJELDSFORVALTNING**

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje tilstrekkeleg tryggleik, i samband med Masfjorden kommune sitt reglement for finans- og gjeldsforvaltning, motteke i april 2021.

#### **Masfjorden kommune sitt ansvar for finansforvaltningsreglementet**

Kommunestyret er ansvarleg for at finans- og gjeldsforvaltninga er underlagt reglement fastsatt i samsvar med kommunelova § 14-13 og forskrift av 18. november 2019 om garantiar og finans- og gjeldsforvaltning i kommunar og fylkeskommunar.

#### **Vår uavhengigheit og kvalitetskontroll**

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningsliner for NKRF sine medlemar, som inneholder krav til uavhengigheit og andre krav basert på grunnleggjande prinsipp om integritet, objektivitet, fagleg kompetanse og tilbørleg aktsemd, forerulegheit og profesjonell åtferd.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1) har Vestlandsrevision IKS eit kvalitetskontrollsysteem, herunder dokumenterte retningsliner og rutinar for etterleving av etiske krav, faglege standardar og krav i gjeldande lovgeving og anna regulering.

#### **Vår oppgave**

Vår oppgåve er å gje ei uttale om reglement for finansforvaltninga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med tryggleik i samsvar med den internasjonale standarden for attestasjonsoppdrag – ISAE 3000 *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenkle revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører dette oppdraget for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for om det føreligg vesentlege feil eller manglar ved kommunen sine regler for finans- og gjeldsforvaltning.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med ISAE 3000, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for at reglementet er i tråd med kommunelova og forskrift om finansforvaltning. Type, tidspunktet for og omfanget av dei valte handlingane er gjenstand for revisor sitt skjønn. Gjennomføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje tilstrekkeleg tryggleik på dette området, inneber også:

1. Med utgangspunkt i kommunelova § 14-13, kontroll av at lova sine bestemmingar er innarbeidd i kommunen sitt reglement for finans- og gjeldsforvaltning, medrekna at reglementet:
  - Bidreg til å hindre at kommunen tek ein vesentleg finansiell risiko gjennom forvaltninga.
  - Har bestemmingar som sikrar at kommunen har tilstrekkeleg likvide midlar til at løpende betalingsforpliktingar vert innfridd ved forfall.
  - Har bestemmingar om kva avkastningsmål som ligg til grunn for forvaltninga.
2. Med utgangspunkt i § 6 andre ledd i forskrift om garantiar og finans- og gjeldsforvaltning i kommunar og fylkeskommunar, kontroll av at reglementet minst omtalar:
  - a) Kva som er føremålet med forvaltninga.
  - b) Kva for midlar som skal forvaltast med låg risiko og høg likviditet.
  - c) Kva for midlar som skal forvaltast med ein lang tidshorisont.
  - d) Kva avkastningsmål, rammer og avgrensingar som gjeld for forvaltninga av midlane etter b og c, herunder kva som er tillate risiko, krava til risikospreiing og kva for finansielle instrument som er tillatne.
  - e) Kva for rammer og avgrensingar som gjeld forvaltninga av gjeld, herunder kva som er tillate risiko, krava til risikospreiing og kva for finansielle instrument som er tillatne.
  - f) Korleis avvik frå finansreglementet skal handterast.

Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Vår vurdering er kun knytt til om krava i lov og forskrift er oppfylt. Det er ikkje føretatt vurderingar med tanke på finansiell risiko.

## Konklusjon

Vi meiner at det framlagte reglementet for finans- og gjeldsforvaltninga tilfredsstiller kommunelova og forskrifta sine krav.

Denne uttala er berre utarbeidd for det føremål som er skildra ovanfor og til kommunen sin informasjon, og skal ikkje nyttast til noko anna føremål.

Isdalstø, 21.04.2021

Vestlandsrevisjon IKS



Janne Eraker

Revisjonssjef